



Tokke kommune
Plan, næring og kulturetaten

Landbruk- og Matdepartementet

MELDING OM VEDTAK

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2014/1831-3 Sverre Bakke,35075242 V62 24.11.2014
sverre.bakke@tokke.kommune.no

Høring - Forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta.

Her følger særutskrift av Tokke kommunestyre si uttale i denne saka .

Etter fullmakt

Sverre Bakke
landbrukssjef


Tokke kommune

Arkiv: V62
 Saksnr.: 2014/1831-2
 Saksbeh.: Sverre Bakke
 Direkte tlf.: 35075242
 Dato: 23.10.2014

Saksframlegg

Utval	Utvalssak	Møtedato
Utviklingsutvalet	14/41	06.11.2014
Kommunestyret	14/68	18.11.2014

Høring - Forslag om å oppheve konsesjonslova og buplikta.
Saksdokument:

Nr. 1 Høyringsnotat

Saksutgreiing:

Tokke kommune er ein utkantkommune i Vest- Telemark. Folketalet er om lag 2.300 og har dei siste åra gått nedover med om lag 20 personar kvart år +/-.

Tokke har sitt kommunesenter på Dalen og mange småbygder og grender rundt i ein avstand på ca . 20 km.

Tokke kommune har hatt konsesjonsgrense null sidan 1986. Dette saman med buplikt på gradane har vore innhaldet i verktøykassa for å bevare busetnaden i kommunen ikkje bare i grendene , men og på Dalen.

Mange av påstandane i høyringsnotatet stemmer dårleg overeins med den verkelege verden vi opplever i Tokke kommune. Vi har personar som har jobba med desse sakene sidan 1983 og verden ser ikkje slik ut i Tokke, sett frå kommunehuset på Dalen frå 1983 og fram til i dag.

Nøkkeltal for landbruket i kommunen er som følgjer:

Nøkkeltal for "landbruket" i Tokke pr.2013:

- Bruk med busetnad 212 – potensiale 290
- 73 gardsbruk i drift - 2013 (75) - potensiale 120-150
- 49 bruk med husdyr – 2013 (54)

Jordbruk.

Mykje av tala er henta frå landbruksmeldinga for Telemark

- Tilskot til jordbruket 11,5 mill /år .
- 45% av inntektene i jordbruket er tilskot 55% er produksjonsinntekter

- 2946 vinterfora sau –produksjonsinntekter i 2011 7,4 mill.
- 6 bruk med mjølk ku – produksjonsinntekter i 2011 2,1 mill.
- 2 bruk med mjølk frå geit
- 8 bruk med ammeku – produksjonsinntekter i 2011 1,1 mill.
- Jordbruksareal i drift 8.098 da –det er også kulturlandskapet vårt.
- Totale produksjonsinntekter i 2011 kr 25 mill.
- Fordeling av kostnader i jordbruket
- 70 % vare og tjenester
- 20 % avskrivningar
- 10 % leigd hjelp
- Nettoprodukt i 2011 kr 9 mill.
- Årsverk 52 (1.852 t)
- Verdiskaping pr. årsverk kr 225.000 (2011)

Skogbruk

- 320.000 da prod. skog
- Tilvekt på ca. 45.000 m³ -verdi kr 14 mill. –sist år 2,8 mill.
- Sysselsetning 17 årsverk
- Bruttoproduksjon i skogbruket 2011 pr. eigar kr 12.552
- Tilskot skog kr 730.000 i 2013 –veg skogkultur

Verdiskaping jord og skog 28. mill i 2011

Tokke kommune har vidaregåande skule, adm. til Statkraft øst og ein del anna mekanisk industri og så landbruk og turisme.

Det er ikkje arbeidsløyse i kommune, heller mangel på arbeidskraft. Dersom du pendlar 1 time kvar veg har du mykje ulikt arbeid å velje, men sjølv sagt ikkje som i sentrale strøk.

Konsesjonsloven har slik vi kan vurdere det frå Tokke, hatt den verknaden som § 1 lovens føremål sa den skulle:

§ 1. (lovens formål)

Loven har til formål å regulere og kontrollere omsetningen av fast eiendom for å oppnå et effektivt vern om landbrukets produksjonsarealer og slike eier- og bruksforhold som er mest gagnlige for samfunnet, bl.a. for å tilgodese:

1. framtidige generasjoners behov.
2. landbruksnæringen.
3. behovet for utbyggingsgrunn.
4. hensynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser.
5. hensynet til bosettingen

Når ein skal vurdere konsesjonsloven bør ein gjera det mot følgjande bakteppe.

Om lag 1 milliard menneske i verden svelt eller er underernærte. Dette talet er stigande og folketalet veks i verden.

Noreg har no ein sjølvforsyningsgrad på 35 %. Det er historisk lågt og historia og Terje Viken burde lært oss å halde denne på eit vesentleg høgare nivå. Stortinget har også vedteke å auke denne med 20 % dei neste åra. Vi ser korleis verdsbilde endrar seg fort. Mat til folket gjennom ei viss sjølvforsyning bør alltid ha prioritet 1.

I Tokke ser vi korleis antal bruk som søker produksjonstilskot har gått frå om lag 150 fyrst på 90- talet og til 68 i 2014. Teknisk utvikling har gjort at mykje av arealet framleis er i drift, men utviklinga går mot at store areal dett ut når sauebonden på 55 år, dobbeltarbeidane med 70-100 v.f.sau sluttar.

Dei areala vi då ser vil ligge brakk er t. d areal langs Telemarkskanalen eller turistvegen over Suleskar eller Haukelid. Dette er kulturlandskapet og småskalalandbruket som vi har snakka fint om i festtaler i mange år.

Når vi les grunngjevinga for framlegget kap1.2 så meiner vi at ein tek veldig feil. Bortfall av konsesjon vil gjera det lettare for dei som vil ut av næringa og det same vil skje med produksjonsareala som vi såg med fjellstrekningane i Tokke på 1930 –talet.

I Tokke såg vi at bankfolk og kapitalsterke utanbygds personar kjøpte opp areala. Vi ser det på Setesdal Austhei der store fjellstrekningar i dag er eigd av folk som ikkje driv landbruk og ikkje bur i kommunen. Dei eigedomane som miste desse areala i dårlege tider skulle gjerne hatt dei i dag og satsa på sau og vore robuste eigedomar med 15.000 da fjellbeite og villreinjakt slik Listhaug og fleir landbruksministrar før ho har ynskt.

Det er ein illusjon å tru at dei aktive jordbrukarane i dag kan kjøpe tilleggsjord. Prisen på oksekjøtt er om lag som i 1989. I 1989 vart brukbare gardar i Tokke overdrege eller selt ut av familien for kanskje kr 600.000 . I dag går ein tilsvarande gard for kr 2-3 mill. Prisen på sauekjøtt har heller ikkje stige mykje.

Vi har eit konkret eksempel som viser utviklinga av prisnivået på landbrukseigedomar i Tokke. Ein eigedom på 2.500 da, derav 20 da innmark og 80 % gamal skog vart selt i 1996 for kr 600.000 . Ny eigar hogg ut skogen vart hogge. Det vart stelt litt på huset. I 2004 vart eigedomen selt for kr 1.200.000 mill. Ny eigar stelte noko meir på huset. I 2011 vart eigedomen selt for 2,2 mill.

Investeringslysten i jordbruket er det ikkje problem med, tvert om vi ser bøndar som hiv seg ut i det og dreg på seg ei enorm gjeld og ein arbeidsbelastning som gjer at dei så vidt held ut til fylte 50 år. Det som reddar dei i dag er billig polsk og litauisk arbeidskraft.

Når det gjeld gjeldande rett, så er det vår oppfatning at den fram til 2009 virka etter formålet, men at økonomien i landbruket vart så svak at mange valde å selje eller slutte. Endringane i 2009 førte til at bruk under 25 da fulldyrka og overflatedyrka og 500 da prod. skog vart friteke for buplikt. Det gjorde at om lag 75 bruk i Tokke vart feriebusnader med litt elgjakt.

Konsesjonloven har gjennom åra ført til ein viss priskontroll og då forkjøpsretten til staten var der, så kunne ein gjera noko med eigedomsstrukturen.

Vi ser i dag innanfor jord og ikkje minst skog at ein ropar på mindre kontroll for å betre eigedomsstrukturen.

Vår erfaring med det frisleppet vi har i dag, er at det må bli svært dårlege tider før mange vurderer å selje ein skogteig til naboen.

Det ein imedan kan få er at AS, bankar, forsikringsselskap og andre kapitalsterke vil investere i landbruk/skog fordi historia har vist at kapitalen her er rimeleg sikker.

Vi ser dette i høgjellet med Vester Vollane på Hardangervidda og Skinndalen på Mørstrånd. Den siste vart selt for 19 mill.

Når det gjeld buplikta så ser vi at mange kommunar ikkje har følgd denne opp, då det ikkje er sett av ressursar til dette etter at kommunane overtok landbruksforvaltninga i 1994. Vidar ser vi at Folkeregisteret som i dag sit i Tønsberg eller Grimstad ikkje er i

stand til å følgje opp kor folk er busett. Buplikta er oppfylt dersom du pr. dags dato i følgje Folkeregisteret bur/ har adresse på eigedomen. Vi har mange saker der dette ikkje er korrekt. Dette burde og bekymre både stat og kommune då dette er eit av grunnlaga for fordeling av skatt.

I Tokke har vi følgd opp buplikt så godt det lot seg gjera. Det har gjort at svært mange eigedomar som ville ha stått tomme i dag er busett og mange også i drift.

Ei tid var det 14 av 28 lærarar på Vest- Telemark vgs. som budde på landbrukseigedomar og jobba på skulen fordi dei måtte heim og overta garden med buplikt. Dei kunne gjort eit anna val, men dei har blive buande der.

Buplikt på bustadhus gjer at unge folk som vil buseta seg i kommunen får eit lite fortrinn i konkurransen med dei som vil ha feriehus. Fleire av bygdane i Tokke ville sett annerleis ut, om vi ikkje hadde hatt konsesjonsgrense null.

Unntak for slektskap er ein viktig grensestein. Den gjer at du kan overta barndomsheimen din utan buplikt.

Når det gjeld statistikk og innvilga søknader og avslåtte, så gjev ikkje den det heile og fulle bilde. Vi har ikkje tal på alle dei som ringer eller kjem innom og aksepterar loven slik den er. Dei flytter eller ein annan enn den eldste overtek og flytter heim.

Regjeringa har sjølv sagt heilt rett i at dersom ein avviklar konsesjonslova så vil ein på kort sikt spare store beløp på dette. Spørsmålet er kva ein får tilbake på eigedomsstruktur, busetnad og landbruk.


For vi som har jobba med konsesjon og buplikt ein del år, så er det med undring vi ser at Normann Aanesland blir sitert og bruka som sanning på kva som skjer ute i kommunane. Han framstiller desse spørsmåla på ein måte vi som driv med det ikkje kjenner oss att i.

Dersom ein skulle få eit godt bilde av dette skulle ein hatt eit prosjekt som reiste rundt i Noregs kommunar og snakka med dei som steller med desse saken. Då ville ein fått eit korrekt bilde situasjonen og kva som virkar og ikkje rundt om i Noreg og korleis det blir jobba med desse spørsmåla.

Det blir peika på at rådvelde over eigedomen er avgrensa i dag. Vår påstand er på fleire område det motsette: Aldri har ein eigar kunne utføre meir fornuftig eller ufornuftige ting med eigedomen sin enn i dag. Før hadde ein for det fyrste ikkje dei ressursane eller teknikken til å gjera så mange ting som i dag. I dag kan eigaren seta inn ei hogstmaskin og hogge skogen sin tom på få veker.

Før måtte ein ha heradskogmeistaren til å blike når ein skulle hogg. Det er eit av mange døme på større fridom.

Tokke kommune gjekk gjennom eigedomsoverdragane frå 1997-2006 og fann følgjande resultat:



I denne oversikten er det ikkje med dei eigedomane der søkjar har søkt konsesjon for overtaking av eigedomen. Vi har ikkje sett på desse sakene, men kan ikkje erindre at nokon av desse ikkje har fylt buplikta. Vi har i alle fall ikkje hatt saker på det.

Konklusjon:

- Det er i gjennomsnitt 10 konsesjonsfrie overdragingar av landbrukseigedomar pr. år i Tokke kommune.
- 60 % av overtakarane av eigedomar oppfyller buplikta utan noko vanskar.
- 40 % søker fritak på ein eller anna måte. Av desse får
 - 44 % varig fritak -her ligg ein del reine skogeigedomar
 - 23 % får avslag
 - 29 % får utsetjing
- i denne perioden har vi hatt 1 % av eigedomane på tvangssal.
- vi har ei subjektiv meining om at 3% lurar oss utan at vi kan gjera noko med det .

Vi ser i høve til bustadhus at ein har veldig fokus på dei få husa som ligg i grenseland. Det er naturleg fordi dei vert vi merksame på.

Det er lite fokus på dei husa som vert bustadhus også framover, men som ville ha blive feriehus om det ikkje var for buplikta.

Vår konklusjon er at konsesjonsloven bør vera som den er i dag og dersom ein skal gjera noko, så må det heller leggst meir verktøy i verktøykassa.

Buplikta bør og bestå. Det er eit av få verktøy kommunen har for å prioritere dei som vil bu i kommunen.

Rådmannen si tilråding:

Tokke kommunestyre viser til saksutgreiinga frå rådmannen. Kommunestyret stiller seg bak denne og vedtek at kommunen sitt innspel til saka er som følgjer :

Konsesjonsloven bør vera som den er i dag. Dersom det er ynskje om ei endring så er det kommunestyre i Tokke si meining at den bør strammast inn slik at ein kan ha fleire verktøy til å oppnå dei landbrukspolitiske målsetjingar ein har.

Buplikta bør og bestå. Det er eit av få verktøy kommunen har for å prioritere dei som vil bu i kommunen. Folkeregistert må i den samanheng setas i stand til å følgje opp sine arbeidsmål.

Saksprotokoll i Utviklingsutvalet - 06.11.2014

Rådmannen si tilråding vart tilrådd vedtek med 6 mot 1 røyst.

Vedtak

Tokke kommunestyre viser til saksutgreiinga frå rådmannen. Kommunestyret stiller seg bak denne og vedtek at kommunen sitt innspel til saka er som følgjer :

Konsesjonsloven bør vera som den er i dag. Dersom det er ynskje om ei endring så er det kommunestyre i Tokke si meining at den bør strammast inn slik at ein kan ha fleire verktøy til å oppnå dei landbrukspolitiske målsetjingar ein har.

Buplikta bør og bestå. Det er eit av få verktøy kommunen har for å prioritere dei som vil bu i kommunen. Folkeregistert må i den samanheng setas i stand til å følgje opp sine arbeidsmål.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 18.11.2014

Tokke Høgre v/Sigvart Asle Lie sette fram fylgjande framlegg:

«Kommunestyresak 14/68.

Høyringssvar om endring av konsesjonslova:

Alt for mange fråflytta småbruk og bustadhus i grendene forfell i dag fordi eigaren ikkje vil koste på oppussing og fordi dei ikkje kan seljast som fritidseigedomar på grunn av konsesjonslova sine reglar om bu- og driveplikt. Sidan desse små eigedomane i dag ikkje kan selajst som fritidseigedomar vil i mange tilfelle ikkje eigaren avhende eigedomen og vel derfor å la den forfalle. For å ha betre sjanse til å sikre at dei små eigedomane vert teke vare på må det vere høve til å omsetje desse utan buplikt. Eigedomar som er små og ueigna til jordbruksdrift må kunne brukast som fritidsbustad, noko som også vil medføre styrking av handel- og handelsverksemdar i lokalmiljøet. Kjøparar av småbruk, hytter og fritidseigedomar vil kanskje også etter ein periode som «turist» velje å flytte til bygda, dersom dei er pendlarar eller det finst arbeidsplassar i området. Driveplikta for skogbruk må oppretthaldast og dei større jordbrukseigedomane som til dømes har godkjende bygningar for husdyrhald må og kome inn under bu- og driveplikta. Det bør ikkje krevjast driveplikt i dei tilfella der det er nødvendig med store investeringar for å sikre drifta.

Uavhengig av kva kommunen krev av eigaren i høve til driveplikta skjer det ofte at Skatteetaten ikkje reknar jordbruksdrifta som næring fordi dei ikkje trur bruket vil kunne gje overskot i drifta. I slike tilfelle vil småbruket uansett bli rekna som fritidseigedom, sjølv om eigaren ynskjer å ha drift. Kommunen bør i slike tilfelle ikkje krevje driveplikt, men vere nøgd med om det vil bu folk på bruket, på heiltid eller deltid.

Konklusjon:

Tokke kommune vil gå inn for å oppheve buplikta for vanlege eigedomar og småbruk som ikkje vert rekna som næring etter Skattereglane, men oppretthalde reglane om bu- og driveplikt for dei større jordbrukseigedomane.»

Avrøysting:

Utviklingsutvalet si tilråding og framlegget frå Sigvart Asle Lie vart sett opp mot kvarandre.

Utviklingsutvalet si tilråding vart vedteke med 16 mot 4 røyster.

Vedtak

Tokke kommunestyre viser til saksutgreiinga frå rådmannen. Kommunestyret stiller seg bak denne og vedtek at kommunen sitt innspel til saka er som følgjer :

Konsesjonsloven bør vera som den er i dag. Dersom det er ynskje om ei endring så er det kommunestyre i Tokke si meining at den bør strammast inn slik at ein kan ha fleire verktøy til å oppnå dei landbrukspolitiske målsetjingar ein har.

Buplikta bør og bestå. Det er eit av få verktøy kommunen har for å prioritere dei som vil bu i kommunen. Folkeregistert må i den samanheng setas i stand til å følgje opp sine arbeidsmål.